

Møtebok: Læringsmiljøutvalet (26.09.2017)

# Læringsmiljøutvalet

Dato: 09.26.2017

Sted: Stord

Notat:

Velkommen til LMU-møte på Stord!

Møtet vert på møterom i enden av biblioteket (BIB107), og har følgjande tidsplan:

Lett servering ved møtestart

10:30 Sakshandsaming

13:00 Lunsj

13:45 Omvisning på campus

14:30 Sakshandsaming

15:30 Møteslutt

Studentrepresentant Sjur Herheim frå campus Bergen har meldt forfall, vararepresentant er kalla inn.

Det er møte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU) samme dag, observatør i LMU, hovudeverneombod Einar Georg Johannessen har difor meldt forfall.

# Saksliste

## Vedtakssaker

|                                                                                            |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 11/17 Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå møte 22.05.2017                  | 3  |
| 12/17 Læringsmiljøutvalet ved HVL - rolle og mandat                                        | 7  |
| 13/17 Utkast til handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021                                  | 10 |
| 14/17 Innspel til kravspesifikasjon for felles Sei ifrå-system for HVL                     | 14 |
| 15/17 Oppnemning av arbeidsgruppe for utarbeiding av ruspolicy for Høgskulen på Vestlandet | 17 |
| 16/17 Oppfølging av LMU-sak 10/17 Opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar      | 19 |
| 17/17 Ymse                                                                                 | 21 |

## Orienteringssaker

|                                                                                      |    |
|--------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1/17 Oppsummering frå Studenthelsekonferansen 2017                                   | 22 |
| 2/17 Orienteringssak til Læringsmiljøutvalet - rapport frå Studentombodet våren 2017 | 24 |



Arkivsak-dok. 17/03218-22 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE, OG GODKJENNING AV REFERAT FRÅ MØTE 22.05.2017**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.  
Referat frå møte 22.05.2017 vert godkjent.

### **Vedlegg:**

Referat frå møte i LMU 22.05.2017

Vår ref.:  
17/03218-18

Vår dato:  
30.05.17

## Referat frå møte i Læringsmiljøutvalet (LMU) 22.05.2017

**Dato og møtets varighet:** 22.05.2017, kl 12:00-14:00

**Til stades:** Tove Sandvoll Vee, Kristen Stæger-Breisnes, Henrik Brown Halleraker, Marion Gustavsen, Øivind Henne, Arne Bygstad, Thomas Reite, Marianne Nesbjørg Tvedt, Lise Langåker (vara), Jan Erik Vatland (vara)

**Obsevatørar:** Hege Råkil, Einar Georg Johannessen, Sindre Dueland

**Forfall:** Hellen Dahl, Thomas Blomvågnes, Hanna Elisabeth Nyrud, Pia Lilleskare Lunde

**Referent:** Grethe Lønning Grimsbø

Møtestart vart noko forseinka grunna tekniske utfordringar.

### Sak 7/17 Godkjenning av innkalling og saksliste, godkjenning av referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017

Innkalling og saksliste godkjent. Det vart ikkje meldt ymse-saker.

Det var ein merknad til referat frå forrige møte: Det kunne gjerne stått noko meir utfyllande om funksjonen «læringsmiljøkoordinator i nærregion». Desse skal, ifølgje rapport som var vedlegg i styresak 044/16 i interimsstyret, ivareta kontinuiteten i det lokale læringsmiljøarbeidet ved å legge til rette for lokal dialog om læringsmiljøarbeid og vere bindeledd til LMU på institusjonsnivå. Læringsmiljøkoordinatorane har jamnleg møter.

Referat frå møte i Læringsmiljøutvalet 03.04.2017 godkjent.

### Sak 8/17 Felles ruspolicy, førebygging av- og retningslinjer ved rusmisbruk blant studentar

ShoT-undersøkinga viser at mange studentar (omlag 40%) har eit risikofylt ruskonsum. KD ynskjer at UH-sektoren skal ha ein type felles, bevisstgjeringe ruspolicy, og Universell har fått ansvar frå KD for å støtte opp om arbeidet med utarbeiding av ruspolicy ved UH-institusjonane. Det nasjonale pådrivaransvaret ligg hos Studentsamskipnaden i Trondheim, som jobbar tett opp mot Universell.

LMU drøfta saka, og det er semje om at HVL bør ha ein felles ruspolicy som handlar om både førebygging av rusmisbruk og retningslinjer ved rusmisbruk blant studentar, slik at veit korleis HVL skal handtere slike saker, og kven i HVL som skal handtere sakene.

Ein må óg sjå på samspelseffekt med AKAN-arbeidet blant tilsette (sjå [www.akan.no](http://www.akan.no)). Dette arbeidet er forankra i AMU.

**Vidare oppfølging:** Saka vert teken opp att i LMU i september, då nyvalde studentar er på plass. Ei arbeidsgruppe vil då bli oppretta for å følgje opp saka.

Aktuelle deltakarar i arbeidsgruppa: Arne Bygstad, Anne Grethe Naustdal

### **Sak 9/17 God informasjonsflyt ved implementering av nye reglar og forskrifter**

Det vart stilt spørsmål ved om studentar og tilsette i tilstrekkeleg grad vert informerte om nye reglar og forskrifter som vert gjeldande for HVL. Blant anna eksamensforskrift, som vart godskjent av interimsstyret i sak 042/16 22.12.2016.

Det er viktig at studentar og tilsette er klar over kva som er gjeldande reglar for denne eksamenesperioden. Det vart i møtet understreka at studentane sjølve er ansvarlege for å halde seg oppdaterte på meldingar som vert lagt ut i kanalar dei har forplikta seg til å følgje med på, som Fronter, og «For Studenten» på [www.hvl.no](http://www.hvl.no).

**Vidare oppfølging:** Sekretær LMU tek kontakt med dei som var i arbeidsgruppa som laga ny forskrift for studium og eksamen ved HVL, for å finne ut kva som er gjort av oppfølging etter styrevedtaket, og om det bør gjerast meir for å få informasjon ut til studentane.

### **10/17 Opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar**

Tilbod om opplæring i relevante dataverktøy, blant anna word, excel, powerpoint og ny læringsplattform, bør bli del av handlingsplan for inkluderande læringsmiljø – under punktet digitalt læringsmiljø. Programvarer som vert brukt, har mange ubrukte funksjonar som ikkje studentane kjenner til.

LinkedIn Learning har gode opplæringsvideoar i ulike dataverktøy. Det kan undersøkast om HVL kan få kurs til heile organisasjonen. Også YouTube har mange opplæringsvideoar.

HVL krev at studenten skal arbeide med PC og levere oppgåver. Bør HVL då også vere forplikta til å gi nødvendig opplæring? Dette er ein viktig del av det digitale læringsmiljøet, og «digital danning» er ein del av almenndannelsen til alle studentane våre.

### **Vidare oppfølging:**

Tove Sandvoll Vee og Sindre Dueland lagar oversikt over kva tilbod som vert gitt på dei ulike stadene/studiene, og samanstillir dette til neste møte i LMU i september.

### **Orienteringssaker:**

#### **Løypemelding frå arbeidsgruppe som utarbeider handlingsplan for inkluderande læringsmiljø.**

Marianne Nesbjørg Tvedt orienterte frå første møte i arbeidsgruppa, der dei laga eit forslag til rammeverk for handlingsplan, etter innspel frå forrige LMU-møte. LMU hadde fått tilsendt første utkast og fekk høve til å komme med innspel.

- Fleire av punkta kan synast vel ambisiøse å få til på alle campus.
- Skal ein laga tiltaksplan under denne planen, med tidsfristar på tiltaka?
- Kva betyr det å vere «ansvarleg» på dei ulike punkta?
- Kva betyr «legge til rette for at alle studenter skal inkluderes i læringsmiljøet»?
- Skal dette vere overordna mål, med konkrete underpunkt per campus?
- Handlingsplanen til LMU skal ligge mellom HVL sin strategi og tiltaksnivået.
- Det er ynskje om å få med eit punkt om evaluering av undervisning (midtvegs eller avslutningsvis i semesteret) under pkt 2.4 – pedagogisk læringsmiljø.
- Det vart stilt spørsmål ved overskrifta «Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø». Denne tittelen vart vedteken i forrige LMU-møte. Fleire andre institusjonar har tilsvarande namn på sine planar.
- Kunne vore riktigare å kalle det «Strategisk plan for læringsmiljø ved HVL». Den skal vere overordna, og skal gjelde for heile HVL. Så kan ein utarbeide handlingsplanar på kvart enkelt studiestad.
- Det er viktig at ein har ein felles handlingsplan, slik at det som går på psykososialt læringsmiljø vert handtert likt i heile organisasjonen.
- Ein har vernerundar som fangar opp mykje av dette, ein har eitt Sei ifrå-system, det pågår arbeid i arbeidsgrupper innan Sikker Drift som jobbar for å få eit einhetleg system. Det høyrer til her, men vert også jobba med andre stader. Det er viktig å vere merksam på dette.
- Grenseoppgangar mellom HMS-plan og læringsmiljøplan. Ein HMS-plan ivaretek mykje, læringsmiljøplan må handle om andre ting.
- Handlingsplanen skal leggjast fram for høgskulestyret, og skal vere gjeldande frå 01.01.2018.

Fleie innspel kan sendast til Marianne Nesbjørg Tvedt i arbeidsgruppa eller LMU-sekretær Grethe Lønning Grimsbø.

### **Status varsling av saker på raudt nivå i Sei ifrå-systemet.**

Mykje er enno uklart når det gjeld rutiner for varsling av saker på «raudt nivå», både for studentar og tilsette. Når e-posten [varsling@hvl.no](mailto:varsling@hvl.no) er klar til bruk, må ein vite kven som er ansvarleg for oppfølging av varslingssaker. Det er tre tilsette ved dokumentsenteret i Bergen som står som mottakarar av e-posten, men korleis vert dei fordelte vidare til ansvarlege i leiinga eller i nærregionane? Vil arkivleiarane i nærregionane vere mottakarar?

Klager på undervisning på meldast i kvalitetssystemet, ikkje i systemet for varsling.

Felles krav til undervisningskvalitet bør utarbeidast av eit utdanningsutvalg/studiekvalitetsutvalg, i tett dialog med fagavdelingane/dekanane.

### **Vidare oppfølging:**

Sekretær LMU vidareformidlar innspela frå møtet Bente Lyssand Molland, HR-rådivar campus Bergen.



Høgskulen  
på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/10241-1 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **LÆRINGSMILJØUTVALET VED HVL - ROLLE OG MANDAT**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Vedtak vert utforma i møtet.

## **Saksframstilling:**

Læringsmiljøutvalet (LMU) er eit lovpålagt organ, og LMU ved HVL vart oppretta med verknad frå fusjonstidspunktet 01.01.2017.

Så lenge organisasjonen er under utvikling, viser LMU-mandatet berre til UH-lova § 4-3:

### *§ 4-3.Læringsmiljø*

*(1) Styret har det overordnede ansvar for studentenes læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentsamskipnadene, legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og arbeide for å bedre studentvelferden på lærestedet.*

*(2) Styret har ansvar for at læringsmiljøet på institusjonen, herunder det fysiske og psykiske arbeidsmiljø, er fullt forsvarlig ut fra en samlet vurdering av hensynet til studentenes helse, sikkerhet og velferd. I utformingen av det fysiske arbeidsmiljøet skal det, så langt det er mulig og rimelig, sørges for*

*a) at lokaler, adkomstveier, trapper mv. er dimensjonert og innredet for den virksomhet som drives.*

*b) at lokalene har gode lys- og lydforhold og forsvarlig inneklime og luftkvalitet.*

*c) at lokalene blir vedlikeholdt og er rene og ryddige.*

*d) at lokalene er innredet slik at uheldige fysiske belastninger for studentene unngås.*

*e) at virksomheten er planlagt slik at skader og ulykker forebygges.*

*f) at tekniske innretninger og utstyr er forsynt med verneinnretninger og blir vedlikeholdt slik at studentene er vernet mot skader på liv og helse.*

*g) at lokaler, adkomstveier, sanitæranlegg og tekniske innretninger er utformet på en slik måte at funksjonshemmede kan studere ved institusjonen.*

*h) at læringsmiljøet er innrettet for studenter av begge kjønn.*

*i) at læringsmiljøet er utformet etter prinsippet om universell utforming.*

*Departementet kan i forskrift gi utfyllende bestemmelser om krav til læringsmiljøet.*

*(3) Ved institusjonen skal det være et læringsmiljøutvalg som skal bidra til at bestemmelsene i første og annet ledd blir gjennomført. Utvalget skal delta i planleggingen av tiltak vedrørende læringsmiljø, og nøye følge utviklingen i spørsmål som angår studentenes sikkerhet og velferd. Styret kan tillegge utvalget også andre oppgaver. Læringsmiljøutvalget skal holdes orientert om klager som institusjonen mottar fra studenter vedrørende læringsmiljøet. Læringsmiljøutvalget kan gi uttalelser om disse forholdene. Læringsmiljøutvalget skal gjøres kjent med pålegg og andre enkeltvedtak som Arbeidstilsynet treffer. Læringsmiljøutvalget rapporterer direkte til styret, og skal hvert år avgi rapport om institusjonens arbeid med læringsmiljø. Studentene og institusjonen skal ha like mange representanter hver i utvalget. Utvalget velger hvert år leder vekselvis blant institusjonens og studentenes representanter.*

*(4) Institusjonens arbeid med læringsmiljøet skal dokumenteres og inngå som en del av institusjonens interne system for kvalitetssikring etter § 1-6.*

*(5) Institusjonen skal, så langt det er mulig og rimelig, legge studiesituasjonen til rette for studenter med særskilte behov. Tilretteleggingen må ikke føre til en reduksjon av de faglige krav som stilles ved det enkelte studium.*

(6) Arbeidstilsynet fører tilsyn med at kravene i annet ledd overholdes. Arbeidsmiljøloven kapittel 18 om tilsyn og tvangsmidler mv. gjelder tilsvarende så langt det passer. Departementet kan gi forskrift med utfyllende bestemmelser om tilsyn og tvangsmidler for å fremme overholdelse av denne paragraf.

Når råds- og utvalsstrukturen i HVL kjem på plass, og kvalitetssystemet vert utvikla, bør ein tilstrebe at LMU får ei meir definert rolle i organisasjonen, og eit tydelegare formulert mandat.

Som eit utgangspunkt for diskusjon i møtet kan ein ha [LMU ved Universitetet i Stavanger](#) (UiS) sitt mandat. Dette er tett knytt opp til kvalitetssystemet og utdanningsutvalet, og omtalen av LMU ved UiS startar slik:

*Læringsmiljøutvalget har et særlig ansvar for kvaliteten på **omgivelsene** som studienes innhold tilbys innenfor. Arbeidet er tett knyttet opp mot utdanningsutvalgets arbeid. Utdanningsutvalget har et særlig ansvar for kvaliteten på det **innholdet** som tilbys i studiene.*  
*Til sammen utgjør utdanningsutvalget og læringsmiljøutvalget institusjonens LOKUT; lokale organ for kvalitet i utdanningene.*

Måten UiS her definerer LMU på, samsvarar også med den nye studietilsynsforskrifta §2-2 avsnitt 4 og 5. Dette er relevante område som læringsmiljøutvala ved institusjonane må ha spesiell fokus på framover.

#### § 2-2. Krav til studietilbudet

(1) Læringsutbyttet for studietilbudet skal beskrives i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, og studietilbudet skal ha et dekkende navn.

(2) Studietilbudet skal være faglig oppdatert og ha tydelig relevans for videre studier og/eller arbeidsliv.

(3) Studietilbudets samlede arbeidsomfang skal være på 1500–1800 timer per år for heltidsstudier.

**(4) Studietilbudets innhold, oppbygging og infrastruktur skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet.**

**(5) Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer skal være tilpasset læringsutbyttet for studietilbudet. Det skal legges til rette for at studenten kan ta en aktiv rolle i læringsprosessen.**

(6) Studietilbudet skal ha relevant kobling til forskning og/eller kunstnerisk utviklingsarbeid og faglig utviklingsarbeid.

(7) Studietilbudet skal ha ordninger for internasjonalisering som er tilpasset studietilbudets nivå, omfang og egenart.

(8) Studietilbud som fører fram til en grad, skal ha ordninger for internasjonal studentutveksling. Innholdet i utvekslingen skal være faglig relevant.

(9) For studietilbud med praksis skal det foreligge praksisavtale mellom institusjon og praksissted

LMU vil i møtet drøfte saka – kva rolle ynskjer me å ha i organisasjonen, og korleis tenkjer me at mandatet skal formulerast. Ved behov, kan ein i etterkant vere i dialog med [Universell](#), Nasjonal pådrivar i høgare utdanning, som arbeider innanfor områda inkluderande læringsmiljø, LMU og universell utforming. Dei kan gi bistand blant anna inn mot utforming av mandat.



**Høgskulen  
på Vestlandet**

Arkivsak-dok. 17/04230-2 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **UTKAST TIL HANDLINGSPLAN FOR LÆRINGSMILJØ 2018-2021**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Læringsmiljøutvalet har gått gjennom utkast til HVL Handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021, og gir tilbakemeldingar til arbeidsgruppa med dei innspela til som kom fram i møtet.

### **Vedlegg:**

Utkast frå arbeidsgruppe: HVL Handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021

## **Saksframstilling:**

LMU utnemnde i møte 3. april ei arbeidsgruppe som fekk ansvar for å utarbeide Handlingsplan for inkluderande læringsmiljø for HVL.

Arbeidsgruppa har hatt følgjande samansetjing:

Nina Mønstre, Bergen

Sissel Kvåle Ulla, Sogn og Fjordane

Thomas Mikkelsen, Stord/Haugesund

Samt følgjande frå Læringsmiljøutvalet:

Pia Lilleskare Lunde, student

Thomas Reite, student

Marianne Nesbjørg Tvedt, teknisk/administrativt tilsett

Hellen Dahl, fagleg tilsett

Frist for førsteutkast til LMU vart sett til 01.09.2017, og frist for ferdigstilling er 31.12.2017.

Arbeidsgruppa har hatt to møter, og LMU fekk i møte 22. mai gi innspel på førsteutkastet som gruppa hadde utarbeidd. Innspela er gjennomgått, og teke hensyn til i vedlagte utkast til Handlingsplan for læringsmiljø 2018-2021.

LMU vil i møtet gå gjennom utkastet til handlingsplan, og gi innspel til arbeidsgruppa. Handlingsplanen vil bli lagt fram for godkjenning i LMU i novembermøtet.

Utkast per 23.06.17

## Handlingsplan for læringsmiljø 2018 - 2021



### 1. Bakgrunn

Individuell tilrettelegging og universell utforming av læringsmiljøet i høgare utdanning er lovfesta i både universitets- og høgskolelova (§ 4-3 (5)) og i diskriminerings- og tilgjengelighetslova (§ 17). Det gir retningslinjer og føringar for ein inkluderande praksis ved Høgskulen på Vestlandet (HVL).

Læringsmiljøet skal farnne mangfaldet i studentmassen, uavhengig av kjønn, etnisk bakgrunn, religion eller funksjonsevne. Alle studentar har lik rett, men ulike føresetnader og behov for å kunne delta i læringsprosessen. Dei seinare åra har det vore stor fokus på å inkludere så mange som mulig i dei ordinære løysingane, og dermed redusere behovet for spesialløysingar som kan opplevast stigmatiserande. Denne handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø søker å ivareta dette.

Læringsmiljø viser til alle faktorer som kan påvirke studentenes læring: planer, lærestoff, læremidler, organisering av undervisningen, arbeidsformer, vurderingsformer, psykososiale- og fysiske forhold, digitalisering, holdninger til læring mm. Læringsmiljøet ved en utdanningsinstitusjon er avgjørende for at studentene skal oppnå ønsket og forventet læringsutbytte.

#### Universell utforming

Med universell utforming menes utforming av produkter, omgivelser, programmer og tjenester på en slik måte at de kan brukes av alle mennesker, i så stor utstrekning som mulig, uten behov for tilpassing og en spesiell utforming. Universell utforming skal ikke utelukke hjelpemidler for bestemte grupper av mennesker med nedsatt funksjonsevne når det er behov for det (jf. [www.universell.no](http://www.universell.no)).

Satsingsområdene i punkt 2 vil ikke inneholde tiltak for universell utforming som er ivaretatt i overordnet regelverk, eksempelvis:

- Universitets- og høgskoleloven
- Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven
- Plan- og bygningsloven
- Lov om offentlige anskaffelser
- Byggeteknisk forskrift TEK10

### 2. Handlingsplan

Satsingsområder for styrking av læringsmiljøet i HVL i perioden 2018-21:

#### 2.1 Fysiske læringsmiljø

Med fysisk læringsmiljø menes de fysiske omgivelser som påvirker den enkelte students mulighet for læring.

| HVL skal:                                                                       | Ansvarlig                              |
|---------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|
| Ha tilpassede undervisningsrom, tilgjengelige og varierte studentarbeidsplasser | Drift og Bibliotek i samarbeid med LMU |
| Ha tilfredsstillende inneklima                                                  | Drift                                  |
| Ha tilfredsstillende tilganger og åpningstider til studiestedene                | Drift                                  |
| Ha god og oversiktlig skilting og informasjon i høgskolens bygg og arealer      | Drift                                  |

## 2.2. Psykososialt læringsmiljø

Med psykososialt læringsmiljø menes psykologiske og sosiale faktorer som har konsekvenser for trivsel, helse og yteevne på studiestedet.

| HVL skal:                                                                                | Ansvarlig                               |
|------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------|
| Legge til rette for at alle studenter inkluderes i studiemiljøet                         | Studentdemokratiet                      |
| Legge til rette for å integrere internasjonale studenter på utveksling                   | Studentdemokratiet, fakultet            |
| Være pådriver for økt sosial inkludering av studenter med spesifikt fokus på studiestart | Studentdemokratiet, fakultet, studieadm |
| Bidra til at studentene opplever tilhørighet til HVL på tvers av studiestedene           | Studentdemokratiet, fakultet            |

## 2.3 Organisatorisk læringsmiljø

Med organisatorisk læringsmiljø menes forhold om hvordan studiene er organisert, ulike studieadministrative systemer, struktur og organisering av arbeidet med læringsmiljø, systemer for medvirkning og tilbakemeldinger fra studentene o.l.

| HVL skal:                                                                                         | Ansvarlig                          |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------|------------------------------------|
| Informasjon er tilgjengelig og oppdatert i tydelige informasjonskanaler (hva får du info om hvor) | Kommunikasjon, Studieadm, fakultet |
| Ha et «Si i fra system» som daglig følger opp behovsmeldinger                                     | LMU                                |
| Inkludere læringsmiljøet i konsekvensvurderinger som utføres i prosessen mot universitetsstatus   | Ledelsen                           |
| Gjennomføre jevnlig studentundersøkelser                                                          | Studieadm                          |
| Tett samarbeide med Studentsamskipnaden (Saman og Sammen)                                         | LMU og samskipnaden                |

## 2.4 Pedagogisk- og digitalt læringsmiljø

Med pedagogisk læringsmiljø menes tilrettelegging i undervisning, praksis og veiledning, samt bruk av varierte undervisningsmetoder, elektronisk studiemateriell, hjelpemidler mm.

Med digitalt læringsmiljø menes hvordan IKT brukes, integreres og utnyttes som del av den pedagogiske virksomheten.

| HVL skal:                                                                               | Ansvarlig             |
|-----------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------|
| Tilrettelegge for individuelle behov                                                    | Rådgivere og fakultet |
| Bruk av felles læringsplattform                                                         | Fakultet              |
| Evalueringsformer - fleksible/moderne/nye                                               | Fakultet              |
| Sikre tilgang til nødvendige og relevante digitale hjelpemidler, samt opplæring i disse | IT og fakultet        |
| Være pådriver for at alle undervisningsrom er tilfredsstillende teknisk utstyrt         | Drift og eiendom      |



Høgskulen  
på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/04320-2 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **INNSPEL TIL KRAVSPESIFIKASJON FOR FELLES SEI IFRÅ- SYSTEM FOR HVL**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Innspel frå LMU til kravspesifikasjon for felles Sei ifrå-system for HVL vert drøfta og formulert i møtet.

## **Saksframstilling:**

HVL har per i dag eit midlertidig Sei ifrå-system, som er sett saman av dei tidlegare nærregionane sine Sei ifrå-ordningar. Dette er tilgjengeleg både på dei [tilsette sine interne sider Vestibyen](#), og på [studentane sine sider](#).

Under overskrifta «Raudt nivå» er det på studentane si side lagt ut lenke til retningslinjer mot uønska seksuell merksemd/trakassering, med bakgrunn i at dette har vore ei aktuell sak i universitetes- og høgskolesektoren den siste tida. På dei tilsette si side er Arbeidsmiljøutvalet blitt minna om at vedtekne retningslinjer for varsling må leggjast ut her.

Det er frå fleire hald uttrykt ønske om eit felles Sei ifrå-system for studentar og tilsette i HVL. Behovet for eit felles, elektronisk Sei ifrå-system vart også understreka i interimsstyret si sak 44/16 *Forslag til organisering av Læringsmiljøutval ved HVL* i desember 2016.

Meldingssystem-/avvikssystem for studentar er ein del av kvalitetssystemet, og saka er difor løfta opp til organisasjonsdirektør og prorektor for utdanning. Det vil bli nedsett ei gruppe som skal utforme kravspesifikasjon for Sei ifrå, som IT må sjå til når system skal veljast.

Det er viktig å få fram at studentane i utgangspunktet skal nytte andre kanalar i kvalitetssystemet enn Sei ifrå. Dette kjem fram i teksten som er utheva i klippet under. Dette er informasjonen som står i meldingsbiletet til nærregion Stord/Haugesund per i dag:

Her har du som student eller tilsett høve til å sei ifrå om tilhøve som du meiner ikkje er rett eller som har forbettringspotensiale. Slik vil me fanga opp tilhøve **som ikkje naturleg fell inn under arbeidet til referansegrupper og tillitsvalde.**

Meldinga di vil verta handsama av rette vedkomande snarast råd, og dersom du ikkje vel å vera anonym, vil du innan 14 dagar få ei tilbakemelding om kva tiltak som vert sett i verk for å betra tilhøva. Hugs å velja orda dine på ein slik måte at det ligg til rette for konstruktiv og respektfull dialog.

Dersom ein tek utgangspunkt i kravspesifikasjonen som vart laga då Høgskolen Stord/Haugesund valde system for Sei ifrå sist gong (2013), har ein følgjande krav til systemet:

- Meldingssystemet må vera nettbasert
- Det skal vera mogleg å vera anonym for innsendar
- Meldingssystemet må vera lett tilgjengeleg og synleg på våre nettsider
- Innhald:
  - Namn
  - Emne
  - Melding
  - Kategori
- Det må vera mogleg å ta ut rapport som viser alle sakene som er meldt inn, kategorisert etter:
  - Om saka er lest/under handsaming
  - Om saka er lukka

- Om avviksmeldar har fått tilbakemelding (dersom denne ikkje har vore anonym)
  - Kven som handsamar saka og eventuell saksarkivreferanse
  - Om korleis avviket er løyst
- Det bør vere enkelt å overføre arkivverdige saker til saks- og arkivsystemet P360.

Koordinerende arbeidsgruppe (KA) for studieadministrasjon, har kome med innspel om at Sei ifrå fyrst og framst må vere for studentar. Dei foreslår vidare at læringsmiljøkoordinatorane i nærregionane skal ha ansvar for å vidareseende innkommande meldingar til ansvarlege leiarar (som er dei som skal svare på meldinga).

Sjøfartsdirektoratet har eigne krav til system for avviksmeldingar for institusjonar som tilbyr nautikkutdanning. Ein representant frå nautikkutdanninga i Haugesund vil difor bidra inn med innspel til kravspesifikasjonen.

LMU får i møtet høve til å kome med innspel og kommentarar til kravspesifikasjonen.



Arkivsak-dok. 17/05487-2 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **OPPNEMNING AV ARBEIDSGRUPPE FOR UTARBEIDING AV RUSPOLICY FOR HØGSKULEN PÅ VESTLANDET**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe som blir bedt om å utarbeide ruspolicy for HVL.

Arbeidsgruppa består av:

Arne Bygstad, nærregion Bergen

Anne-Grethe Naustdal, nærregion Sogn og Fjordane

Terje Eriksen, nærregion Stord/Haugesund

Tre studentar

Representant frå Sammen

Arbeidsgruppa rapporterer på status til LMU-møtet 21.11.2017, og ruspolicy for HVL skal vere ferdigstilt innan LMU sitt møte 06.02.2018.

Sekretær for LMU vil vere sekretær for arbeidsgruppa.

## **Saksframstilling:**

LMU hadde i møte 22.05.2017 følgjande sak til handsaming:

Sak 8/17 Felles ruspolicy, førebygging av- og retningslinjer ved rusmisbruk blant studentar

Referatet frå møtet seier følgjande:

ShoT-undersøkinga viser at mange studentar (omlag 40%) har eit risikofylt ruskonsum. KD ynskjer at Uhsektoren skal ha ein type felles, bevisstgjerande ruspolicy, og Universell har fått ansvar frå KD for å støtte opp om arbeidet med utarbeiding av ruspolicy ved UH-institusjonane. Det nasjonale pådrivaransvaret ligg hos Studentsamskipnaden i Trondheim, som jobbar tett opp mot Universell. LMU drøfta saka, og det er semje om at HVL bør ha ein felles ruspolicy som handlar om både førebygging av rusmisbruk og retningslinjer ved rusmisbruk blant studentar, slik at veit korleis HVL skal handtere slike saker, og kven i HVL som skal handtere sakene. Ein må óg sjå på samspelseffekt med AKAN-arbeidet blant tilsette (sjå [www.akan.no](http://www.akan.no)). Dette arbeidet er forankra i AMU.

**Vidare oppfølging:** Saka vert teken opp att i LMU i september, då nyvalde studentar er på plass. Ei arbeidsgruppe vil då bli oppretta for å følgje opp saka.  
Aktuelle deltakarar i arbeidsgruppa: Arne Bygstad, Anne Grethe Naustdal

LMU skal i møtet oppnemne arbeidsgruppe som skal utarbeide ruspolicy for HVL. I arbeidsgruppa bør det sitje ein tilsetterepresentant og ein student frå kvar nærregion, med interesse for feltet.

I tillegg til Arne Bygstad (nærregion Bergen) og Anne-Grethe Naustdal (nærregion Sogn og Fjordane), er Terje Eriksen frå nærregion Stord/Haugesund førespurt og har stilt seg positiv til å delta i arbeidsgruppa. Alle desse tre har interesse for- og/eller erfaring frå feltet førebygging av rusmisbruk og retningslinjer ved rusmisbruk.

Studentane i LMU er førespurt, og er førebudde på at det skal oppnemnast studentar i møtet anten blant LMU-medlemmene eller andre studentar som har eit ynskje om å bidra inn i dette arbeidet.

Det vil i møtet også bli foreslått ein representant frå *Sammen*.

LMU ber om at arbeidsgruppa leverer ei løypemelding/status til møtet 21.11.2017, og at HVL sin ruspolicy vert ferdigstilt innan LMU-møtet 06.02.2018. Plan for informasjon ut i organisasjonen om- og implementering av ruspolicy for HVL skal vere ein del av leveransen.



Arkivsak-dok. 17/10237-2 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **OPPFØLGING AV LMU-SAK 10/17 OPPLÆRING I DATAVERKTØY FOR FØRSTESEMESTERSTUDENTAR**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Vedtak om vidare oppfølging vert utforma i møtet.

## **Saksframstilling:**

LMU handsama i møte 22.0.2017 sak om opplæring i dataverktøy for førstesemesterstudentar, og det var ønska ei vidare oppfølging med ei oversikt over kva for tilbod studentane ved dei ulike studiestadene får om opplæring, eventuelt kva som er obligatorisk.

Ei skriftleg tilbakemelding frå campus **Sogndal** syner at IT-leiar gir studentane ei kjapp innføring i HVL sine system og tenester: trådløst nettverk, utskrift, e-post, lagring og Office365.

Det vil bli gitt ei munnleg orientering om situasjonen ved dei andre studiestadene i møtet.

This handling '17/17 Ymse' does not have proposition document.



Arkivsak-dok. 17/03218-20 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **OPPSUMMERING FRÅ STUDENTHELSEKONFERANSEN 2017**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Læringsmiljøutvalet tek munnleg oppsummering frå Nasjonal Studenthelsekonferanse 2017 til orientering.

## **Saksframstilling:**

Observatør i LMU, Hege Råkil frå Sammen, og sekretær i LMU, Grethe Lønning Grimsbø, deltek på [Studenthelsekonferansen](#) 21. – 22. september i Kristiansand.

Tema for konferansen er «Mangfold».

Dei vil i møtet gi ei munnleg oppsummering frå konferansen.



Arkivsak-dok. 17/06336-2 Arkivkode.  
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang Møtedato  
Læringsmiljøutvalet 26.09.2017

## **ORIENTERINGSSAK TIL LÆRINGSMILJØUTVALET - RAPPORT FRÅ STUDENTOMBODET VÅREN 2017**

### **Forslag til vedtak/innstilling:**

Læringsmiljøutvalet tek rapport frå Studentombodet våren 2017 til orientering.

### **Vedlegg:**

Rapport frå Studentombodet våren 2017

## **Saksframstilling:**

Studentombodet sitt mandat seier at funksjonen kvart halvår skal rapportere om si verksemd til rektor. Rapportane leggjast fram for høgskulestyret, studentparlamentet og Læringsmiljøutvalet til orientering.

Rapporten vart lagt fram for høgskulestyret 15. juni, på møte i Studenttinget i starten av september, og vert med dette lagt fram for Læringsmiljøutvalet.

# Rapport

Rapport frå studentombodet våren 2017.



**Høgskulen  
på Vestlandet**

Studentombodet

## Studentombodet

Høgskulen på Vestlandet  
2017

### *Kontaktinformasjon*

Telefon        (+47) 555 87 036  
E-post         [studentombodet@hvl.no](mailto:studentombodet@hvl.no)  
Messenger    [@studentombodet](https://www.instagram.com/studentombodet)

### *Sider og sosiale mediar*

Nettstad       [Studentombodet.no](http://Studentombodet.no)  
Facebook      [@studentombodet](https://www.facebook.com/studentombodet)  
Twitter        [@studentombodet](https://twitter.com/studentombodet)  
Instagram     [@studentombodet.no](https://www.instagram.com/studentombodet.no)

Høgskulen på Vestlandet  
v/ Studentombodet  
Postboks 7030  
5020 Bergen

# Rapport

Rapport frå studentombodet våren 2017.

Ref.  
170021

Din ref.

Dato  
02.05.17

## Mandat

Studentombodet ved Høgskulen på Vestlandet har i mandatet fått i oppgåve å «kvart halvår rapportere om si verksemd til rektor.» Det ligg i mandatet at rapporten skal «leggjast fram for høgskulestyret, student[tinget] og Læringsmiljøutvalet til orientering.»

Det vil bli høve for spørsmål for høgskulestyret på styremøte 15. juni; Studenttinget på Vestlandet på tingsmøtet i september; og Læringsmiljøutvalet på LMU-møtet 26. september.

## 1 Forming av studentombodsrolla på HVL

Dei fleste praktiske høve vert enten ordna av ombodet sjølv eller tatt med HR-direktøren i Bergen; som har personalansvaret for ombodet. Så langt har det vert svært god hjelp å få til arbeidsrelaterte høve, særleg frå HR og IT; som har måtte bidra mykje i starten. Det som har vært nødvendig for å skape ei god teneste har vert på plass raskt og problemlaust. Det har aldri vært nokon som har stilt seg i vegen for tenesta, og dei gongene det har vert eit behov som ikkje har vært klart har det blitt klarna opp i raskt.

## 2 Administrative høve

Studentombodet er i dag plassert med hovudsete i Bergen; men er til stades med eigne møte- og arbeidsplassar på alle studiestadene. At hovudsetet er i Bergen har først og frems noko å seie for kor ein arbeider med administrative oppgåver i periodar med lita sakstilgang. Så langt er det antatt at slik verksemd vil utgjere omtrent 10 % av stillinga, eller ca. 20 dagar av året.

Den delen av verksemda som har med sakstilgangen å gjere skal i utgangspunktet skje i nærleik til studentane, og det skal ikkje vera nokon forskjell på studiestadene. Ein student i Førde skal ha same tilgangen til studentombod som ein student i Haugesund. I så måte er det tenkt at arbeidstida fordelast ut på studiestadene slik at ombodet er til stades i Bergen ca. 100 dagar av året, 35 dagar i Sogndal, 25 dagar på Stord og tilsvarende i Haugesund og 15 dagar i Førde. I røynda vil det nok vere vesentlige avvik frå denne fordelinga ettersom behova vil variere. Men utgangspunktet er at tilgangen skal vere rettferdig fordelt.

### 2.1 Møte- og arbeidsplass

Den største utfordringa knytt til tenestetilbodet til studentombodet har vært å knytte gode møte- og arbeidsplasser til rolla. Det er klart at når ein i utgangspunktet er 15 dagar i Førde, og Førde har trengt med plass, ikkje har behov for eigen arbeidsplass med alle fasilitetar der.

Når det kjem til gode møteplasser har dette løyst seg på alle studiestadene utanom Bergen. I Haugesund nyttar ombodet eit eigna møterom som møtearena ved behov. Det same gjerast i Førde. På Stord er det både eigna møterom og eit avskjerma grupperom som kan nyttast. Sogndal har eit rom knytt til kariæresenteret sitt som synes å vere egna for same formål. Når det kjem til Bergen er det derimot knytt større utfordringar til utforminga av tilbodet. Meir om det under.

Også når det kjem til arbeidsplass ligg studiestadene utanom Bergen betre ann i arbeidet med å etablere ei god løysning. Sjølv om det på same måte som med møtestadane er knytt ein del utfordringar til å ta opp kontorplass har studentombodet i god dialog med ansvarlige mynde på studiestadane fått til gode ordningar. I Haugesund og i Sogndal er dette i kontorlandskap. Sjølv

om det i utgangspunktet er ei dårlig løysning har studiestadene vert flink til å leggja høva til rette for at arbeidsplassen blir skjerma nok til at dette lat seg gjera. Det er og god tilgang på møterom i Haugesund og i Sogndal; noko som mogleggjer den løysinga som er valt på desse stadane. På Stord er det dialog med direktøren om korleis ein skal legge oppe ein ambulerande arbeidsplass. Det kjem til å vere på plass frå semesterstart. I Førde har dei (på grunn av plassmangel) lang erfaring med kontordeling. Det fungerer utmerket!

### 2.1.1 Bergen

Utfordringane med Bergen er mykje større enn på dei andre studiestadene. I Møllendalsveien er det lokalisert eit eigna møterom i 5. etg. som kan nyttast i møte med studentar. På Kronstad er det langt verre, då det ikkje alltid er mogleg å finne møterom på kort varsel. Det er heller ikkje god nok skjerming på møteromma – korkje frosting eller gardiner. Det er nokon som har skjerming, og nokon som ikkje har. Andre har til dels skjerming (den er som regel for lav). Det gjer det vanskelig å møte studentane og samstundes ivareta teieplikta slik den er føresett i mandatet.

Arbeidsplassen til ombodet er i Møllendalsveien. Kontoret er midlertidig plassert innanfor ekspedisjonen. Det er ikkje eigna til møter med studentar. Det ligg elles heilt for seg sjølv blant fire andre ubrukke arbeidsplassar.

I Bergen er det behov for å etablere ein arbeidsplass på Kronstad frå 1. august. Om det ikkje kjem på plass vil det gå ut over tilbodet til studentane i Bergen. I verste fall vil ein oppleve at studentar i Bergen blir avvist fordi ein ikkje har klart å leggja høva til rette. Direktør i Bergen er klar over at mangelen på kontor skapar utfordringar, og det er dialog om løysing på problemet.

Arealansvarlig i Bergen gav studentombodet beskjed om at «I [studentombodet sitt] tilfelle må vi vente og se om det åpner seg en mulighet når fagmiljøene for neste semester er kommet på plass.» Behovet har vore klart frå den dagen fusjonsavtala blei underteikna, og det harmonerer dårlig med føreseigna der og føreseigna i mandatet til studentombodet at ein ikkje har kome frem til ei tilfredsstillande løysing for å gje studentane på Kronstad ordentlig tilgang til studentombod. Etter siterte melding blei saka lagt fram for direktør i Bergen og forhåpentlegvis kjem det ei løysing på problemet.

## 2.2 Reiseverksemda

Høgskulen på Vestlandet strekker seg verkeleg over store deler av Vestlandet og reising mellom studiestadane tek ein god del av tida studentombodet har til rådighet. Det er løyst slik at ordinær reising mellom studiestadane skjer utanom kjernearbeidstida. Det gjer at ein i stor grad vil kunne møte studentombodet via kommunikasjonskanalane i ordinær arbeidstid.

Den tida som går vekk til reise søkjast utnytta med mobilt arbeid. Korleis dette ordnast er noko som har gått seg litt til i løpet av det første månadene. No verkar det som om løysinga blir svært tilfredsstillande. I alle høve er det fokus på at studentombodet skal kunne utnytte reisetida – eller transportetappane om ein vil – på ein god måte for studentane.

Totalt ligg det an til å gå med ca. 100 til 200 timar med transport i 2017<sup>1</sup>. Dei vel 50 til 100 timane som går vekk til transport mellom Møllendalsveien og Kronstad er då ikkje rekna med. Det er også litt av bakteppet for at studentombodet ynskjer å nytte denne tida på ein god måte.

### 2.3 Profil og kommunikasjon

Ein av dei første personane studentombodet hadde kontakt med var kommunikasjonsdirektøren i Bergen. Sida har det vert god kontakt med både ho og medarbeidarane på avdelinga. Det har så langt vert ei enorm støtte i denne avdelinga, og dei som arbeider der har bidrege med gode råd om blogg, vevsider, SoMe, Canvas, etc. Dei har vært svært imøtekommande og det er neppe ei avdeling på HVL som fortener meir skryt for støtta dei yt.

Det blei fort etablert at profilen skal konsentrere seg rundt ombodet, og at ein skal nytte den ordinære HVL-logoen med påskrifta «Studentombodet» under (slik ein kan sjå på føresida av rapporten). Dette vart nytta på Facebook, Twitter og Instagram.

Av kanalar var det ein tanke å bruke [hvl.no/studentombodet](http://hvl.no/studentombodet) som hovudkanal. Sida det viste seg å vere meir funksjonelt å bruke [blogg.hvl.no/studentombodet](http://blogg.hvl.no/studentombodet) har dette blitt hovudflata for kommunikasjon. Det er ei forferdelig adresse å hugse, og [studentombodet.no](http://studentombodet.no) nyttast derfor i marknadsføringa i staden. Denne peiker til nemnte blogg-adresse.

Utanom bloggen er det etablert statiske sider på [hvl.no](http://hvl.no) og i Vestibylen. Desse skal gje kort og varig informasjon, og vise til bloggen. I løpet av tida fram mot sommaren vil ombodet gå gjennom teksten for å forme den betre basert på erfaringane som er gjort.

Av sosiale mediar nyttar studentombodet Facebook til kontakt og informasjon til studentar og Instagram for marknadsføring av den verksemda som ikkje er direkte saksrelatert – for eksempel møter med Studenttinget eller andre studentombod. Til sist er Twitter tiltenkt å vere kontaktflate mot media og politikarar; og andre Twitterbrukarar.

Til hausten kjem studentombodet også til å bli synlig på læringsplattformane. Til no har det vert meir enn nok å ta tak i på dei andre kanalane; men det er heilt naudsynt å ha ei satsing mot læringsplattformane om ein skal vere synleg i heile studentmassen.

<sup>1</sup> Dette er litt usikre tall, og det vil ikkje vere overraskande om det i røynda blir høgare tall.



Det må og nemnast at det er ei målsetnad å leggje ut informasjon og opptak av kurs på både YouTube og SoundCloud. Her er profilvalet knytt til logoen i staden for profilbilete av ombodet. Tanken er at det skal gjere det mogleg å legge ut videoar og podcastar produsert av andre – dersom det lat seg gjere.

## 2.4 Nettverk

Det har i startfasa vært stort fokus på intern og ekstern nettverksbygging for studentombodet. Den interne nettverksbygginga har som føremål å gjere studentombodet kjent som funksjon, å bli kjent med organisasjonen, og senke terskelen for å ta kontakt og å leggje tenesta til rette for dei behova og den strukturen ein har på HVL.

Det eksterne nettverksarbeidet er heilt nøysamt for å dra veksle på andre sine erfaringar i same rolle, både nasjonalt og internasjonalt. Sidan rolla som studentombod er svært sjølvstendig på institusjonen er det eksterne nettverket eit slags supplement for mangelen på eit internt fagmiljø.

### 2.4.1 Lokalnettverket

I løpet av dei månadene som har gått har det interne nettverket utvikla seg, og studentombodet er no kjent for, og har møtt på, tilsette i organisasjonen langs heile linja frå rektor til lokal sakshandsamar. Samstundes må ein erkjenne at organisasjonen er svært stor, og avstandane minst like store. Det har derfor ikkje vore mogleg å knyte kontakt alle stader – men dette er eit arbeid som vil fortsette.

Det kan og nemnas at det ikkje har vore ei prioritert liste over kven studentombodet har knytt kontakt med – utover nivå ein og to leiing. Nettverksarbeidet har meir vert tilpassa reiseverksemda enn motsett. Når det er sagt er det påfallande kor positive møta med både leiinga og sakshandsamerar har vert. Om ein ting skal vere sikkert er det at dei tilsette på HVL verkeleg ynskjer det beste for studentane på institusjonen.

### 2.4.2 Nasjonalt og internasjonalt nettverk

I starten har studentombodet sjølv tatt kontakt med dei etablerte studentomboda og har sjølv sagt fått innpass i det nasjonale nettverket, og blitt invitert med på den europeiske nettverkskonferansen. Det har vært svært viktig å etablere denne kontakten; særleg i utforminga av tenesta. Det har vært veldig godt å kunne hauste av andre sine erfaringar.

No framover kjem det fleire nye studentombod. I den samanhengen er det planen at alle dei nye omboda skal kontaktast så snart tilsettinga er offentlig. Målsetnaden er å så tidlig som mogleg utvide og styrke det nasjonale nettverket. På den måten vil ein i løpet av året ha klart å bygge opp eit solid nasjonalt fagmiljø for studentombod.

Nettverket vil og styrkast av ein nasjonale konferanse på hausten. Rammene for denne er ikkje avklart enda, men utgangspunktet er å forankre den lokalt.

Det internasjonale nettverket er det ikkje så mykje å underrette om. Det blir halde ein europeisk studentombodskonferanse i slutten på juni, og ein skandinavisk samling i oktober. Studentombodet vil vere til stades på begge to.

## 2.5 Samfunnskontakt og media

Studentombodet har ikkje vært særlig synleg i media eller som hatt verksemd retta mot aktørar utanfor høgskulen. Så langt har det vært eit innlegg i Khrono om gratisprisnippet. Det kom og ein førespurnad om studentombodet ville delta i debatt på NRK i Dax18. Den førespurnaden blei avslått etter at det blei klart kven dei andre debattantane var.

På lengre sikt er det eit mål å gjere studentombodet synleg med ei klar samfunnsrolle. Det gjeld først og fremst for at studentane og andre skal få ei god forståing for kva studentombodet er, at det skal bli lettare å marknadsføre studentombodet overfor studentane og at studentane skal føle seg trygg på at studentombodet har eit tydelig og genuint ynskje om å ivareta deira rettar i studiesituasjonen.

## 3 Sakshandsaming

Studentombodet har i løpet av dei månadene tenesta har eksistert fått inn i overkant av 30 førespurnader og saker. Det er for tidleg å gje noko anslag på kva sakstypar som opptek studentane mest og det har i løpet av dei første månadane både vert førespurnader om bistand som har verte avvist, om rettigheter som har verte handsama i eit enkelt e-postsvar, saker som har involvert tilsette, og som gjeld høgskulen som heilheit.

Ved handsaming av ei sak er utgangspunktet at studenten skal få eit personlig oppfølgingsmøte, om det ikkje er heilt klart at saka kan handsamast med konkret svar på e-post. Det har vist seg å vere nyttig for å etablere ei god forståing av bakgrunnen for saka, kva studenten meiner er problemet, og kva studenten meiner vil vere ei riktig eller tilfredsstillande løysing. Det har ikkje noko å seie kvar studenten har studiestad – alle studentar ved HVL har det same tilbodet.

I utgangspunktet såg studentombodet føre seg at alle saker skulle blir så godt opplyst som mogleg. På grunn av teieplikta har det derimot vist seg å vere ei utfordring. I dei sakene der studenten ikkje ynskjer at studentombodet snakkar med andre baserer faktum seg berre på studentens forklaring. Om saka avsluttast med ei skriftlig gjennomgang blir det då teke ut førehald i det skriftlege framlegget om framstillinga og konklusjonen. Det har verka som ei grei ordning.



Sakar studentombodet handsamar avsluttast på svært forskjellig vis. I nokre saker gis det berre munnlege råd, mens i andre ender saka opp med ei skriftleg gjennomgang med ei gjennomgang av relevante rettsreglar, og ei vurdering av saka. I saka om klagerett på gruppeeksamen sendte studentombodet eit skriftleg fråsegn til rektor.

Dei sakene som er avslutta har alle fått ei løysing studentombodet er tilfreds med. I nokre tilfelle betyr det at høgskulen har retta på ei praksis eller eit vedtak mens i andre betyr det at studenten i utgangspunktet ikkje har hatt nokre rettar å hevda. I alle høve opplever studentombodet at institusjonen som heilheit er oppteken av at sakshandsaminga skal vere korrekt, og at studenten skal behandlast på ein god måte.

Når det kjem til saker som gjeld institusjonen som heilheit har studentombodet så langt behandla ei sak om gruppeeksamen. Saka gjeld studieforskrifta, som i dette tilfellet ikkje er i samsvar med føresegna i forvaltningslova. I den nye studieforskrifta er det nokre stader enkelte feil i forhold til lovverket, og det er andre stader rettane som er skrive i forskrifta er svakare enn rettane etter lova. Det er heilt naturleg at det er slik i ei heilt fersk forskrift, som byggjer på tre gamle forskrifter. Heilskapen i forskrifta er veldig god, og det er lett å navigere i ho.

### **3.1 Klagerett på gruppeeksamen**

Denne problemstillinga er godt belyst i media. Studentombodet fekk saka gjennom melding frå studenttillitsvalde. I korte trekk er saka handsama med ein juridisk utgreiing av problemstillinga, som har blitt overlevert rektor i form av eit fråsegn. Her konkluderast det med at studentane har klagerett og at innskrenkinga i studieforskrifta krenker studentane sine rettar i strid med forvaltningslova.

Utfordringa i saka er at Kunnskapsdepartementet har kome med ei tolking, i eit brev, der dei seier at ordninga er lovlig. Problemet med tolkinga er at den strid mot alle andre rettskjelder på området. Eller for å generalisere til forskarspråket: all empiri som finnes på området peiker på at konklusjonen til KD er feil.

Saka har foreløpig ikkje fått ei tilfredsstillande løysing. Akkurat no ventar studentombodet på at KD skal komme med ei oppklaring av kva dei egentlig meiner. Om det kjem enkeltsaker på dette området i mellomtida vil studentane bli informert om det same, og at dei eventuelt kan prøve retta for klagenemnda.

Studentombodet oppfattar dette som ei litt kjeisam sak, som helst skulle vært handert betre av departementet. Når saka likevel står slik ho gjer no er det viktigaste å få ei oppklaring. Det er ikkje slik at studentombodet oppfattar at nokon gjer feil eller er vanskelige i denne saka; for



HVL sin del både er det og bør det vere naturleg å legge lit til dei fråsegna KD kjem med, uansett kva form dei kjem i.

#### 4 Vidare arbeid

Den siste månaden dette semesteret går med til «kantinetrefftid» og «dropp-inn-timar» på alle studiestadene, samt ein konferanse for europeiske studentombod i Strasbourg.

Til hausten skal studentombodet vere ei fullt operativ teneste for alle studentane ved HVL. Sjølv om det ikkje er etablert ei løysing for dette på Kronstad enda, er det framleis håp om at det kjem i stand i tide. I arbeidet med å gjere studentombodet synleg og tilgjengelig for alle vil det vere klare møtestader i kantina og dropp-inn-timer som er definert på førehand for kvart semester. Det vil og vere klare kommunikasjonskanalar elektronisk.

Arbeidet med å spreie informasjon om generelle og spesielle rettar studentane har i møte med høgskulen vil ta meir form ut over neste semester. Dei kursa studentombodet skal halde for tillitsvalde vil bli filma og gjort tilgjengelig i etterkant. Det er og plana å lage nokre korte videoar og podcastar med informasjon om dei viktigaste rettane.

Nettverket mellom norske studentombod vil utvide seg i takt med nye tilsettaingar i løpet av året. I løpet av hausten vil det vere eit mål å styrke nettverket på ein god måte som alle studentane og institusjonane vil vere tente med.

Til sist er det godt å kunne seie at møte med HVL har vært svært positivt og at det ligg ann til å bli ei god studentombodsordning som både studentane og høgskulen vil dra nytte av.

Med beste helsing

Sindre R. Dueland

Bergen / 2. mai 2017

(sign.)

Studentombod

